

Vil presentera prosjektet for Levekårskomiteen.

28.03.2020



Konsulenten i Lala Tøyen, Iwan Thomson, på folkemøte i Uskedalen i september 2019.

**Prosjektgruppa for Aktivitetshus med klartresenter i Uskedalen bed om møte med Levekårskomiteen for å gje informasjon om mulighetsstudien og forprosjektet. Neste steg er reguleringsplan. Prosessen så langt har vore god, i dialog med kommune, skulen og organisasjonane. Lala Tøyen er rådgjevar og fagkunning i arbeidet med reguleringsplanen.**

Steinar Haugland i prosjektgruppa fortel til Uskedalen.no at arbeidet med Aktivitetshus og klatresenter går på fram.

- Vi er no i gang med reguleringsplanen I samband med avklaring av omfanget av reguleringsplanen hadde vi saman med Lala Tøyen møte med Kvinnherad kommune. Planen er også lagt fram for Fylkesmannen. Tilbakemeldingane var svært positive. Fylkesmannen uttalar at dette er eit prosjekt med stor samfunnsnytte.



[Steinar Haugland er sentral i arbeidet med å få realisert prosjektet Aktivitetshus med klatresenter.](#)

Steinar Haugland fortel vidare at ein har inne fleire søknadar om økonomisk støtte, men grunna situasjonen med koronaviruset er tildelinga av desse pengane utsett på ubestemt tid. Avtale om møte med kommunen og kommunale komitear er også sett på vent. Likevel: Oppsummert så går arbeidet med reguleringsplanen etter planen. Noko av det andre arbeidet må venta.

Målet med prosjektet er å utvikla eit aktivitetshus med klatretårn, folkekjøkken, SFO base, styrkerom, øvingsrom for korps, leikerom for born og samlingslokale. Aktivitetssenteret vil vera eit fantastisk tilbod for eit aukande klatremiljø i kommunen og for nasjonale og internasjonale klatreturistar som kvart år finn vegen til Kvinnherad og Uskedalen.

Tekst/foto/nett: Kristian Bringedal